

---

Vår referanse 2020/59332-2  
Dato 09.07.2020

---

Henning Simonsen  
Falsens vei 71  
5063 Bergen

## Fv. 5484 - Dispensasjon frå byggegrense - Uthus – gnr 416 bnr 36 - Mjøs - Alver kommune

Vi viser til søknad av 26.06.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5484 for å oppføre uthus på gnr. 416 bnr. 36 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplanen som følgde søknaden.
2. Avstanden frå uthuset (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5484 skal vera minst 15,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Uthuset må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5484.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Uthuset vil stå utanfor vegen si tryggleikssone og ikkje hindre sikt for dei vegfarande.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Tone Bøyum  
Senioringeniør

Linn Kathrin Bakke  
overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan
- 2 Lov om vegar §§29 og 30
- 3 Melding om rett til å klage nynorsk

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4